

Meland kommune
v/ Utval for drift og utvikling
5918 Frekhaug

19.02.2016

Wayne Mark Robbins
Skarpenesvegen 103
5918 Frekhaug

Dykkar ref:
Kom arkiv sak 15/1783
Kom Saknr: 339/2015

Klage på UDU sitt vedtak om dispensasjon frå LNF føremålet i arealdelen av kommuneplanen, samt pbl §1-8 om strandsone, for etablering av tilkomstveg til fritidsbustad på gbnr 41/20.

Vi viser til vedtak i UDU i nemnde sak datert 26.01.2016, motteke her 29.01.2016.

UDU har etter klage frå Fylkesmannen gjort om på sitt vedtak om dispensasjon til framføring av veg over landbrukseigedomen gbnr 41/2 og fram til fritidseigedomen 41/20.

UDU har vore splitta i synet i denne saka, og vi ser at delar av utvalet har snudd. Av vedtaket kjem det ikkje særleg fram kva som er grunngjevinga for dette.

Sidan første/positive vedtak 03.11.2015 i UDU, har fylkesmannen kome med klage. Denne klagen har ikkje nye moment som tilseier at utvalet skulle snu i denne saka. Vi har i brev av 16.12.2015 kome med våre merknader til klagen frå Fylkesmannen.

Landbruksfagleg vurdering i høve jordlova

I ettertid av klagen frå Fylkesmannen har administrasjonen i tillegg innhenta jordbruksfagleg vurdering frå Landbruksavdelinga i kommunen i høve Jordlova. Dette er etter vårt syn noko spesielt, og gjer inntrykk av at administrasjonen har funne at eiga grunngjeving saman med Fylkesmannen si klage ikkje har hatt tilstrekkeleg tungtvegande argumentasjon, og at ein har måtte trekkje inn fleire instansar for å vere trygg på å vinne fram med si side av saka.

Administrasjonen har i si utgreiing til møte i UDU 26.01.2016 lagt mykje vekt på denne landbruksvurderinga, og det kan synast som om delar av UDU har snudd med bakgrunn i dette.

Landbruksvurderinga kjem med tildels nye opplysningar i høve saka. Vi har ikkje fått kome med tilsvar eller kunne imøtegå denne vurderinga før den vart lagt fram for utvalet. Fylkesmannen får vurdere om dette er sakshandsamingsfeil.

Hovudargumentet i landbruksvurderinga synast å vere frykt for at drifta av landbrukseigedomen kan verte skadelidande, vidare at vegen vil endre landskapsbilete, øydelegge tørrmurar m.v.

Vår vurdering

Vegen vil vere heilt og fullt i landbrukseigedomen sitt eige. Det vil vere opp til eigaren av landbrukseigedomen å setje vilkår/gjere avtale om bruk av vegen fram til fritidseigedomen.

Landbrukseigedomen vil nytte vegen i si drift av eigedomen, og vil ha nytte av denne.

Det seier og landbruksvurderinga i motsetnad til Fylkesmannen.

Både brukar og eigar av landbrukseigedomen ønskjer denne vegen, då den vil lette arbeidet og drifta av eigedomen. Det er dårleg tilkomst til eigedomen i dag, spesielt då leigaren av eigedomen kjem utanfrå med både utstyr og dyr.

Det skal ikkje setjast opp gjerde eller anna som hindrar dagens drift på nokon måte (gjerde vert mot kommunal veg slik som i dag (sjå illustrasjon)

Bruken av vegen til bilkjøring vil vere minimal. I utgangspunktet er det berre ein hytteeigedom som skal nytte vegen, med bruk av normalt ein bil. Talet på daglege passeringar i "høgsesongen" lyt seiast å måtte vere låg. Eigar av landbrukseigedomen kan jamvel setje krav om maksimal bruk av vegen. Argumentasjon i høve støy, støv og andre ulemper lyt falle.

Landskapet vil i særskilt liten grad verte endra.

Vegen vil vere ein enkel grusa veg, som i mesteparten av strekninga (frå løa og mot sjø) berre vil vere ei oppgradering av dagens trace, utan å sprengje eller gjere andre større terrengingrep.

Mot kommunevegen lyt vegen løftast noko (maks 1,6 m) for å få ei god påkopling til denne. Her treng ein heller ikkje sprengje fjell. I dette området har Landbrukskontoret peika på at eksisterande tørrmurar ved kommunevegen vil verte skadelidande. og at ny veg vil skjule denne.

Slik vegen er planlagt vil denne i særskilt liten grad berøre eksisterande tørrmur, vidare kan vegen flyttast noko mot sør/aust, slik et ein unngår denne muren. (sjå illustrasjon)

Arealet rundt vegen vert fint tilpassa det eksisterande terrenget slik at dette framleis kan nyttast til landbruksareal. Vegen vil difor ikkje dele opp arealet, slik landbruksavdelinga hevdar.

Landbruksarealet vil framleis vere "samanhengande" i og med at dyra vil kunne gå fritt i og over vegen.

Eigar har ikkje vore kontakta slik vi bad om.


Vi vart i brev frå kommunen 27.11.2015 gjort merksam på at landbruksavdelinga skulle gjere ei vurdering i høve denne saka. Vi oppmoda i vårt brev av 16.12.2015 til at landbruksavdelinga tok kontakt med eigar og brukar av landbrukseigedomen, for å høyre deira meining om saka, og for å få fram fakta i saka. Eigar stadfestar at dette ikkje er gjort. For oss vert landbruksvurderinga då berre ei "skrivebordsuttale" og kan synast som eit einseitig bestillingsverk frå administrasjonen, der det på førehand er bestemt utfall.

I uttalen får ein inntrykk av at om vegen hadde meir samfunnsgagn, t.d bruk til bustad eller næring ville ein lettare kunne akseptere vegen. Vegen/terrenget og tiltaket elles ville då sjå heilt likt ut, så her er det snakk om kor lista skal leggjast for at tiltaket kan akseptast.

Vi oppmodar utvalet om å ta ei ny synfaring for å vurdere dei nye forholda som landbruksavdelinga peikar på.

Vi ber om at utvalet gjer om på sitt vedtak.

Om det skjer vil setjefylkesmann ta endeleg avgjer i saka. Vi meiner det vil vere ei føremon at saka vert sett på med nye og ikkje så farga auge. Setjefylkesmannen si avgjer er endeleg.



I høve føremonane ved tiltaket har vi tidlegare peika på desse, og som framleis står ved lag:

Vegen vil ta minimalt med dyrka areal (360 m², eller 300m² med vegbreidd 2,5 m).

Vegen vil i liten grad berøre landskapsmessige forhold.

Terrenginngrepa vil vere små.

Vegen vil vere til føremon for fleire partar, både fritidsbustad på gbnr 41/20, landbrukseigedommen, og etterkvart fritidseigedommen på 41/60.

Vegen vil gjere forholda vesentleg betre for alle desse, også i høve universell utforming, tilgang til sjø og området elles.

Trafikktryggleiken ved kommunevegen vert betre.

Tiltaket vil i liten grad kunne gje presidents.

Ingen av naboane har kome med merknader til tiltaket.

Vi viser elles til vedlagde illustrasjonar.

Kjell Reigstad

Ansvarleg søkjar

Wayne Mark Robbins

Skarpenesvegen 103

5918 Frekhaug